

# Bilirubin i serum, total

## Bakgrunn


Bilirubin er eit nedbrytingsprodukt av hem, som er ein viktig komponent i hemoglobin, myoglobin og diverse enzym. s-bilirubin, total, består av tre hovudfraksjonar;

- ukonjungert bilirubin (er uløseleg i vatn og blir teke opp i levercellene)
- konjungert bilirubin (er løseleg i vatn og kjem over i tarmen via gallen, der bakteriar omdannar den vidare)
- deltabilirubin (vert danna ved langvarig, konjungert hyperbilirubinemi)

## Indikasjonar

Ikterus eller annan mistanke om lever- og/eller gallevegssjukdom. Behandlingskontroll ved ikteriske tilstandar, hemolytisk anemi og Gilberts syndrom.

## Prøvemateriale



Serum teke på rør tilsett gel eller rør utan tilsetjing.  
Haldbarheit serum: 4 døgn.

Prøvematerialet bør beskyttast mot lys.

Blir utført ved: Førde, Lærdal og Nordfjordeid

## Referanseområde

0-2 veker < 200  $\mu\text{mol/L}$

3 veker – 10 år < 16  $\mu\text{mol/L}$

> 10 år 5-25  $\mu\text{mol/L}$

## Tolkingar

Høge verdjar: ved lever- og gallevegssjukdomar, og ved auka hemolyse.

Ukonjungert hyperbilirubinemi: hos mange nyfødde (pga. nedsett konjugeringsevne i lever, kombinert med relativt stor blodmasse og auka erytrocyttomsetnad.)

Konjungert hyperbilirubinemi: ved leverskade (t.d. hepatitt) og ved kolestase.

Låge verdjar: ved non-hemolytiske anemiar (pga. nedsett hemoglobinomsetnad).

Konsentrasjonen kan stige ved faste.

**Feilkjelde:** Unngå langvaring stase og hemolyse.

**Biologisk variasjon:** Intraindividuell biologisk variasjon: 21,8 %